



Eva Megyesi og Kristian Bringedal er sentrale i song- og musikklivet i Uskedal kyrkje.

Uskedal sokneråd har siste åra arrangert i alle fall ein salmekveld i halvåret, og kantor Eva Meyesi har vore primus motor for desse saman med Kristian O. Bringedal. Til salmekvelden mandag hadde dei valt ut salmar som omhandla Guds stordom, Guds skaparverk og Guds omsorg. Dei hadde gjort eit svært godt utval, og mange av salmane var nye for mange av dei frammøtte.



Kyrkjekoret Nordsaang under leiing av Eva Megyesi deltok med 3 songar.

Kvelden vart opna med Engelvals av J. Bret, meisterleg framført at kantor Eva Megyesi på orgel. Deretter forflytta den dyktige tangentmusikaren seg til pianoet. Derfrå akkompagnerte ho 10 salmar i eit fellessongprogam som ho leia saman med Kristian Brigedal. Dei fleste salmane var nye for underteikna, men nokre var også velkjende. Prologsalmen i den nye salmeboka, Herre Gud ditt dyre namn og ære av Peter Dass vart framført til tre ulike folketonar. I tillegg hørde Hans A. Brorson sin Overmåte fullt av nåde til dei vi kjenner godt.

Med den nye salmeboka har vi også fått inn mange nye vakre salmar. Kvelden baud på mange smakebitar av desse. Sjølv om Edvard Hoem er blant våre fremste noverande salmediktarar og han har 10 salmar i salmeboka, tenkjer vi ikkje først og fremst på han som salmediktar. Som siste fellessong i kveld song vi Når heile verda syng for Gud av Hoem med Henning Sommero si vare tonesetjing. Før det hadde vi mellom anna sunge gjennom nydelege salmar både av Henrik Wergeland og Einar Skjæråsen.

Kristian og Eva batt det heile fint saman, og dei fortalde litt om både tekstforfattarane og komponistane. Ledig, godt og interessant! Dei to er viktige ressursar for kulturlivet i bygda, og salmekveldane er berre noko av det dei bidrar med.

Kyrkjekoret Nordsaang bidrog også. Innimellom fellesnummera krydra dei med to afrikanske songar før dei avslutta den vellukka kvelden med argentinske Gloria, gloria, gloria.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland